



**PRAKTISERING AV
AVTALAR OM VEGRETT OG PARKERING
I SAMBAND MED HANDSAMING AV
FRÅDELINGSSØKNADER**

VALLE KOMMUNE

TILKOMSTVEG:

Privat veg:

- Med søknaden må det fylgje skriv frå vegstyret om at den nye tomta vil få permanent rett til å bruke vegen.
- Dette skrivet treng ikkje tinglysast.

Gangveg frå parkeringsplass og fram til hytta:

- Friluftsløva heimlar ikkje gangtilkomst til hytta, og det må derfor ordnast med tinglyst rett til gangtilkomst til nye hyttetomter
- Avgjevarbruket kan dele ut til enkelthytter av sin vegrett i gamal støylsveg og liknande
- Gangvegretten skal tinglysast. Kopi av skøyte må leverast kommunen før eigedomen vert oppretta.

PARKERING:

Sommerparkering:

- Der det er utbygging i tråd med godkjent reguleringsplan er parkeringstilhøve avklart i planen.
- I uregulert område der parkering er på eiga tomt må det vere tinglyst rett til å byggje bilveg frå tilkomstveg og fram til tomte. Kopi av skøyte som dokumenterer avtale om parkering må leverast kommunen før eigedomen vert oppretta.
- Ved parkering på avgjevarbruket må det tinglysast rett om dette. Kopi av skøyte som dokumenterer avtale om parkering må leverast kommunen før eigedomen vert oppretta.
- Ved andre parkeringsordningar må dette dokumenterast gjennom tinglyst rett. Kopi av avtale som dokumenterer parkering må leverast kommunen før eigedomen vert oppretta.
- Ved parkering på parkeringsplass som eit vegselskap eig, må det vere skriv frå vegstyret om at den nye tomta vil få permanent rett til å bruke parkeringsplassen. Denne treng ikkje tinglysast, men kommunen må ha kopi av avtalen.

Vinterparkering:

- Der det er utbygging i tråd med godkjent reguleringsplan er parkeringstilhøve avklart i planen.
- Dersom vinterparkering ikkje kan skje på eiga tomt må det dokumenterast avtale om parkeringstilhøve i området der vinterbrøyta veg stoppar. Kommunen oppfordrar til at grunneigarar opparbeider felles parkeringsplass for hytteeigarar. Det vert ikkje godteke avtale om parkering på gardstun heime i dalbotnen. Kopi av avtale som dokumenterer parkering må leverast kommunen før eigedomen vert oppretta.

- Ved parkering på parkeringsplass som eit vegselskap eig, må det vere skriv frå vegstyret om at den nye tomta vil få permanent rett til å bruke parkeringsplassen. Denne treng ikkje tinglysast.

Båt plass:

- Der det vert brukt båt som tilkomst til hytte må det vere tinglyst avtale med grunneigar om båt plass. Kommunen må ha kopi av avtale/skøyte der bruksretten er dokumentert før ein opprettar eigedomen.

Generelt:

- Alle parkeringsplassar skal vere avmerkte på kart og vise at ein har rett til å parkere 2 biler pr hytte.
- Alle avtalar om vegrett, gangtilkomst og parkering skal knytast opp til tomte/eigedomen og må ikkje vere personavhengige Slike avtaler må ikkje vere tidsavgrensa anna enn i spesielle høve der det gjeld mellombels avtaler i påvente av permanent ordning. Vidare må det stå at avtalen ikkje kan avlysast utan samtykke frå Valle kommune.

Valle, den 01.05.2014

Rådmann